**Statens vegvesen**

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Unn Jenny Utne Kvam - 55516243 | 2015/069968-002 | 15/43 | 24.06.2015 |

# Uttale - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - for etablering av bueiningar og næringsføremål på gnr. 8 bnr. 5 - Høyring

Vi viser til e-post med vedlegg motteken 02.06.2015.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå føremålet landbruk/natur/friluftsliv (LNF) i kommuneplanens arealdel for bruksendring av eksisterande bygg til 4 bueiningar og eit mindre areal til næringsføremål.

Statens vegvesen er i utgangspunktet kritisk til etablering av nye bustader i område som ikkje er planlagt for dette føremålet. Slik bustadetablering kan vere problematisk når det gjeld mellom anna vegtilbod til mjuke trafikantar, trygg skuleveg, tilbod om kollektivtrafikk og vegstandard. Nye område for næringsføremål bør også planleggast med omsyn til mellom anna vegstandard. Dette er mellom dei tema som bør avklarast i kommunen si handsaming av dispensasjonssøknaden.

Vi gjer merksam på at den omsøkte bruksendringa også krev at det må søkjast om endra/utvida bruk av avkøyrsle frå fylkesvegen og dispensasjon frå byggegrensa langs vegen.

I saksutgreiinga vert det vist til ei bruksendring i 2013. Statens vegvesen mottok eit nabovarsel om den, men kan ikkje sjå å ha motteke søknad etter veglova i samband med den saka.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: